

Nytt mållag - skiping i Uskedalen 24.april.

14.04.2014

Det nye Kvinnherad mållag vert formelt skipa i Uskedalen, torsdag 24. april. Det føreligg vedtak frå noverande Kvinnherad mållag og Husnes mållag om samanslåing.

Alle medlemene i dei to mållaga vert varsla og kalla inn til omframt årsmøte og skipingsmøte. Møtet er ope for andre interesserte. På sakslista står 3 saker:

- Framlegg til lover
- Val av styre
- Arbeidsprogram 2014

Alt ligg vel til rette for eit samla og slagkrafting mållag i kommunen. Ei eiga nemnd med Gaute Lund, Øystein Skjæveland, Lars Børge Sæberg , Morten Nygård og Kristian Bringedal har førevudd sakene til skipingsmøte.

Samanslåinga omfattar ikkje Ølve mållag, men vil derimot ha med medlemmer frå det som ein gong var Halsnøy mållag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal og Thor Inge Døssland